

**Ser på fisken med dykkarmaske - kan føra til stress.**

20.08.2020



Djupehølen med lite vatn. Då står fisken stille og toler ikkje å bli stressa.( Arkivfoto ).

**Elveigarlaget er gjort kjend med at det vert brukt dykkarmaske for å sjå og ta på fisken i elva. Dette er ein aktivitet som stressar fisken. Med lita elv let dette seg gjera. Fisken står mykje i ro og med ytre påverknad kjem den seg ingen veg.**

Interessa for fiske i elva er positivt, men ein må vera varsame med å ta i bruk metodar som stressar fisken. Med låg vasstand er fisken sliten og toler ikkje at ein tek på den eller held i halen.

Trond Lekva Myklebust, leiar i Uskedalselva Fovaltning, bed om at det vert slutt på det som han definerer som dyreplageri. Så langt, vi kjenner til, er det nytt at det vert brukt dykkarmaske for å sjå og ta på fisken i Uskedalselva.

Redaksjonen gjer merksam på at bileta er frå arkivet og slik sett ikkje er dekkande for innhaldet i innlegget.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Med stor elv er Djupehølen ein av dei gode fiskeplassane i uskedalselva ( Arkivfoto ).